



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.01.2015
Vår ref.: 2013/1242
Arkivnr.: 421.3

Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Protokoll frå mekling - Kommuneplanen til Suldal 2014 – 2025 – masseuttak på Nerheim

Meklingsmøte: Statens Hus 06.01.2015 frå kl. 10.00 – 11.45

Møtedeltakarar:

Suldal kommune:

Torkel Myklebust – ordførar
Øyvind Valen – rådmann
Rune Roaldkvam – rådgivar

Fylkesmannen i Rogaland:

Magnhild Meltveit Kleppa – fylkesmann (meklar)
May Britt Jensen – fylkesmiljøvernssjef
Dagfinn Hatløy – seniorrådgivar
Morten Sageidet – meklingssekretær (referent)

Tema for mekling

Einaste uløyste sak frå kommuneplanen til Suldal er masseuttaket på Nerheim der Fylkesmannen har motsegn. Masseuttaket på Nerheim er difor tema på mekling.

Frå meklinga

Kommunen vurderer det som viktig å kunne utnytte sandressursar lokalt. På Nerheim er det interesserte grunneigarar, og området har ei god miljø- og transportmessig plassering i forhold til bruk av ressursane. Landbruksverdiane kan sikrast gjennom tilbakeføring til fulldyrka mark etter uttak. I forhold til kvartærgeologiske verdier utgjør dette området ein liten del av dei samla registrerte verdiane. Landskapsomsyn kan sikrast gjennom etappevis uttak og andre avbøtande tiltak. Kommunen viser til at området ikkje har høgaste vernekategori i rapporten.

Fylkesmannen viser til at Noreg manglar ein samla verneplan for kvartærgeologiske førekomstar. Verdien til området er difor ikkje endeleg vurdert. Området har større landskapsverdi enn den status området er gitt, i og med at den er registrert som ein verdfull førekomst i forslag til verneplan for kvartærgeologiske førekomstar frå 1987. Masseuttaket vil gi eit stort landskapsinngrep, og at det vil vere vanskeleg å sikre kvaliteten til det fulldyrka arealet ved tilbakeføring. Området ligg også inne i fylkeskommunen sin rapport «Vakre landskap i Rogaland».

Konklusjon

Fylkesmannen la fram eit kompromissforslag som Suldal kommune aksepterte:

Området blir lagt ut som LNF-område med omsynssone «mogleg masseuttaksområde» med vilkår om at dei kvartærgeologiske verdiane blir vurderte i forhold til dei andre registrerte verdfulle kvartærgeologiske førekomstane i Su5. Konsekvensane for landskap og jordbrukskvalitetar ved eit eventuelt uttak skal også utgreiast. Det skal også vurderast alternative moglege uttaksområde i dette dalføret. Kommunen og Fylkesmannen skal i fellesskap finne kvalifisert personell til å gjere feltarbeid og utgreiingar.

Fylkesmannen er samd med kommunen i at Suldal skal vere sjølvforsynte med sandressursar.

Signering for godkjent møtereferat frå meklingsmøtet:

Torkel Myklebust
ordfører

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ikkje signatur.

Referat: 06.01.2015